

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Mette Marei Træland	FA - A10	14/501

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

Presentasjon av Blåklokka barnehage om det prisvinnande ESD prosjektet for Omep.

Vedlegg:

Blåklokka barnehage har vunnet OMEP konkurranse om bærekraftig utvikling - presentasjon i Washington DC

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Omep er Verdensorganisasjonen for små barns oppvekst og danning. Omep er ei internasjonal, uavhengig organisasjon(NGO) som har rådgjevande status hos UNESCO, og UNICEF og er representert ved Europarådet. Organisasjonen har 70 medlemsland.

Blåklokka barnehage vant i vår pris for ESD prosjekt. Dette var ei konkurranse som OMEP lyste ut. ESD –Education for Sustainable Development, er eit kartleggingsverktøy der barnehagar kan arbeide med bærekraftig utvikling i vid betydning. Blåklokka barnehage fekk som ein del av prisen dra til World Omep konferansen i Washington 27 juli-2 august for å presentere prosjektet sitt «Stjerneikkert».

Norsk Omep si nettside: <http://omep.no/>

Blåklokka Barnehage si nettside: <http://blaklokka.barnehage.no/>

Vurdering

Erfaringane frå prosjektet og presentasjonen i Washington vert presentert for Utval for levekår. Bærekraftig utvikling er sentralt i samfunnsdelen i Meland kommune si kommuneplan, og i kvalitetsdelen i barnehageplana som er under arbeid. Difor er det viktig å dela kunnskapen om dette arbeidet.

Folkehelse x

Miljø x

Økonomi x

Konklusjon

Arbeidet med å kartleggje korleis barnehagen jobbar med bærekraftig utvikling i barnehagen vil halde fram. Blåklokka barnehage sitt arbeid representerar eit viktig kvalitetsarbeid for

barnehagesektoren.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

Utval for levekår - 48/2015

ULK - behandling:

Styrar i Blåklokka barnehage, Rigmor Sletten, orienterte.

Framlegg til vedtak i møtet:

Utval for levekår takkar for orienteringa og gratulerer Blåklokka barnehage med prisen.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

ULK - vedtak:

Utval for levekår takkar for orienteringa og gratulerer Blåklokka barnehage med prisen.